



## Nynorsk kultursentrum

Kulturdepartementet  
Boks 8030 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.: 16/3894-  
Vår ref.: 412-374 OG

Hovdebygda, 1. september 2016

### Språkleg og kulturell integrering i kvardagen

Nynorsk kultursentrum har arbeidd systematisk med dette emnet iallfall sidan 2002. Utgangspunktet den gongen var behovet for opplæringsmaterieil for innvandrara på nynorsk. Tilbodet er blitt betre med åra – det skulle ikkje mykje til, men saka er enno ikkje løyst tilfredsstillande. Det politisk-operative har prega arbeidet vårt med saka heile tida.

Den raude tråden i arbeidet vårt er eit todelt perspektiv med særleg vekt på det språklege. Noreg har ein språkdelt norsk kultur, og integrering i kvardagen av innvandrara og flyktingar må ta høgde for dette i praksis. Undervegs har vi trekt vekslar på forskingsmiljø og faglitteratur i inn- og utland i tillegg til eigenutvikla analysar og forståingsmåtar.

Tidleg på hausten 2015 gjekk vi inn i eit større arbeid under overskrifta «Museum i den nye folkevandringstida». Det gjorde vi for å utvikle oppdatert kunnskap om saksfeltet, og for å identifisere tiltak som vi kunne gjennomføre. Styret drøfta saka første gongen i desember 2015 og bad rådet med alle stiftarane følgje opp. Dette arbeidet held fram hausten 2016 og vil nok setje sitt preg på *Visjon og strategi 2017–2010* som styret skal drøfte sommaren 2017. Likeins blir relevante tiltak inkluderte i dei ulike langtidsplanane vi heile tida arbeider med og følgjer opp, som langtidsplan for formidling og utstilling hausten 2016, for kulturprogram 2017, og for festivalar 2017.

Arrangement er ein svært viktig del av formidlingsarbeidet vårt. Språkåret 2013 blei organisert og driver av oss med ei rekkje arrangement landet rundt som net representerte kvardagsintegrering. Dette kom også til uttrykk ved avslutningsarrangementet i Aasen-tunet 6.12.2013, der personar med over 20 ulike morsmål var med. Både Aasen-tunet og Hauge-senteret hadde vinteren 2016 ope hus for flyktingar som nett var komne (Ulvik) og flyktingar og innvandrara (Ørsta). Den internasjonale morsmålsdagen 21.2. brukte Aasen-tunet til morsmålskafé, og dei lokale opplæringssentra har brukt tenestene våre ved fleire høve. På denne måten har vi prioritert dei personlege møta føre avstandsintegrering gjennom sosiale medium og tredjepart.

Utstillingar er ein annan viktig del av formidlingsarbeidet. I juni 2016 hadde vi premiere på temautstilling nr. 32, *Menneske og språk på vandring*. I tillegg til plansjar og banner laga vi fleire korte filmar med innvandrara og flyktingar som snakka om morsmåla sine. Utstillinga blei såleis til i nært samarbeid med desse. Utstillinga blei laga med støtte frå Fritt Ord. Resultatet ligg ved som eige dokument i pdf-format, utan filmene.



Fagleg dokumentasjon er ikkje i seg sjølv integrering i kvardagen, men det har vore viktig å utvikle solid og presis kunnskap om desse emna. Alt i årstale nr. 3 om tilstanden for nynorsk skriftkultur i 2003 tok vi opp forholdet mellom innvandrarak og etniske nordmenn. Dette er særleg følgt opp gjennom publikasjonane *Språkfakta 2010* og *Språkfakta 2015*. I samarbeid med Skald Forlag publiserte Språkåret 2013 boka *Det fleispråklege Noreg* med 30 portrett av innvandrarak og morsmåla deira.

Summen av alt dette har vi brukt til både å fremje auka forståing for situasjonen for nynorskbrukarane og auka forståing for situasjonen for innvandrarak og flyktingar. Den kombinerte posisjonen har vi nok diverre hatt få å dele med.

Med venleg helsing  
Nynorsk kultursentrum



Ottar Grepstad  
direktør

### Vedlegg

Utstillingsplansjar «Menneske og språk på vandring»





FOTO: Shutterstock.com

Menneske  
og språk på  
vandring



# UTANFOR

– Jeg må kjempe hver dag med leksene, med språket og med å få kontakt med mennesker. Det siste er nok det vanskeligste. Jeg har strevd med å lære språket, men min norsk er bare tilstrekkelig til å klare det nødvendigste. Jeg føler meg døv og stum i et norsk fellesskap.

*HIET-VIET, Vietnam, Fuglen som sluttet å synge. Innvandrere møter nordmenn, 1984*

Han så at «alle andre» var på riktig spor. Klassekameratene hans trengte ikke å lære seg språket og de kunne normene i samfunnet. De visste hvordan kulturen var og var allerede akseptert. Ahmod følte at folk så annerledes på ham, og at han måtte jobbe for å bli akseptert. – Det skaper en følelse av utenforskap på ungdomsskolen, sier Ahmod.

«Følte seg som en byrde i det norske samfunnet»,  
NRK.no, 11. 2.2016

© 2016 Utanfor, Oslo, Norge







# SPRÅKMUR

– Det vanskelegaste med å flytte til Norge, er at du ikkje skjønner noko av det folk seier. Når du går i butikken og skal kjøpe noko, veit du ikkje kva du kjøper.

ZAINAB HARI TAHER ISSA (23), «Å tomme hjartet på eit heilt nytt språk», Firda, 2.4.2016

Eit godt grunnlag i førstespråket deira vil gjere det lettare når ein skal lære andre språk og hjelpe dei med å utvikle betre lese- og skriveferdigheiter i skulespråket, fordi lese- og skriveferdigheitene til born går på tvers av språk, frå morsmålet til språket barnet lærer på skulen.

HURISA GUVERCIN, «Mother Tongue: The Language of Heart and Mind»,  
*The Fountain*, nr. 76/2010

# OPPLÆRINGA



Språkopplering av immigrantar i Miaden, Tyskland.

FOTO: Stockphoto.com, Arne Urdal

Gjertine lengta etter å bli fortruleg med dette framande landet. Men språket stod i vegen for henne. Barna, som fekk undervisning i engelsk av dotter til postmeisteren, kunne langt meir enn henne, og ho prøvde å lokke frå dei nye kunnskapar, nye ord, slik at ho også kunne gjera seg forstått.

EDVARD HOEM, *Slåttekar i himmelen*, 2014



Kort sagt kan man si, at motstanderne av morsmålsopplæring mener en tospråklig opplæringsstrategi vil gå på bekostning av tid og krefter til å lære andrespråket. Forkjemperne mener at man lærer bedre og raskere når man får opplæring på det språket man behersker best. Forskningsmessig finner vi sterk konsensus internasjonalt når det gjelder fordelene morsmålsbaserte opplæringsmodeller har for minoritetsspråklige elever.

UNNI SKADBERG ISAKSEN, *Litterasitetsutvikling i en tospråklig kontekst*, masteroppgåve, 2013



Flisa, Norge, 10.11.2015.  
Karar Yassin Mohammed  
og andre asylsøkjere tar opplæring  
i det norske systemet av tilsette i KLP.  
Dette gjeld til domes bruk  
av minibank, nettbank og  
hustadforsikring.

FOTO: Eirik Rindland

Yassin går på skolen to timer hver dag, men ellers er dagene tomme og fulle av fritid. Yassin bruker den til å se på NRK Super der Fantorangen og Supernytt-oppleseren snakker akkurat passe forståelig. Eller han leser avisen Glåmdalen, som dekker sin lokale del av flyktningsstrømmen, som ble til flyktningsbølgen, som nå er blitt til flyktningskrisen

«Jeg vil bli norsk, sa han», A-magasinet, 8.4.2016





# IDENTITET

Den tradisjonelle førestillinga om språk som særmerket på ein nasjon er framleis det dominerande i identiteten til dei fleste europearar i dag.

SUZANNE ROMAINE,  
«Language Contact in Relation to Multilingualism,  
Norm, Status and Standardization», 1997

– Sjølv om eg ikkje ønskjer å reise attende til landet mitt, betyr det ikkje at eg ikkje er glad i det, og i språket mitt. Det er identiteten min, seier ho og syner smykket ho har rundt halsen: det burundiske flagget.

YVONNE (38), *Det fleirspråklege Noreg*, 2013

Burundi

Er det virkelig slik at vi kan «lese» en persons identitet ut av det språket hun eller han bruker?

BRIT MÆHLUM, *Språkmote. Innføring i sosiolingvistikk*, 2003

– Det var som at jeg hadde på meg to masker. En maske for hjemmebruk, og en maske som jeg tok på meg når jeg dro på skolen.

CHARLOTTE HUSOMANOVIC, «Følte seg som en byrde i det norske samfunnet», NRK.no, 11.2.2016





Her er språket  
og alt det nye vanskelig.  
Men det er egentlig småting.  
Her er vi fri, det er ikke krig.  
Dette tenkte jeg på mens  
de andre sov.

VUKAS, *Dobbelt Mamma*.  
*Om å være mamma i et nytt land,*  
2008

# SPRÅK PÅ FLUKT

Syriske flyktingar på ein togstasjon i Tovarnik, Kroatia, 24. september 2015.

«Korleis veit du det?» spurde Monar frå Syria. «Kvar får du informasjonen din frå?» Omar svarte ikkje. Dei lokale styresmaktene snakka ikkje arabisk eller afghanske språk, og kunne knapt kommunisere med flyktingane. Dei einaste fellesspråket var engelsk, og ingen snakka så mykje av det, heller.

Reportasje frå flyktningleir i Kroatia,  
voanews.com, 21.9.2015



# MORSMÅL

Sjølvs om vi endrar arbeidsspråket vårt, skriftspråket vårt, jamvel kvardagsspråket vårt, så kan vi aldri endre språket frå barndomsriket vårt.

THOMAS HYLLAND ERIKSEN, «Language in Identity Politics», 1997

Og da skjønte jeg det,  
men det tok litt tid før jeg  
fant ut hva det var.  
Jeg hadde ikke ordforråd  
i norsk til å kjefta.  
Det hadde jeg ikke lært, så  
derfor slo jeg over til dansk  
når jeg virkelig ble sint.

LIZZIE, Danmark,  
*Mangfoldige minner – veier til Norge*, 2008

Det betyr mykje for meg at sonen min lærer aringa seinare, seier Carol.  
– Morsmålet mitt er sjelfullt. Det har så mange nyansar. Aringa er veldig rikt på uttrykk, ordtak og mytar til bruk i spesifikke samanhengar. Når Amani ein gong lærer seg språket, vil eg lese lyrikk og prosa med han slik at han får oppleve kor vakkert språket er. Det ser eg fram til.


CAROL AZUNGI DRALEGA, *Det fleirspråklege Norge*, 2013





Den første forståinga av verda, læringa av omgrep og ferdigheiter, oppfattinga av eksistensen, alt byrjar med språket ein først lærer, morsmålet. Likeins uttrykkjer barnet sine første kjensler, gleder, frykt og sine første ord på morsmålet sitt.


HURISA GUVERCIN, «Mother Tongue: The Language of Heart and Mind», *The Fountain*, nr. 76/2010



– Terminologi og fagspråk har for meg ei sterk kopling til kunnskap, til det å forstå korleis ting heng saman. Det å kunne forstå faga, både omgrepa, merkelappane og nyansane – den kjensla er så viktig. Og den kjensla er best på morsmålet.

Førsteamanuensis MARITA KRISTIANSEN, *Språknytt* 1/2016





Den såkalla 'naturlege' identiteten som ligg i nasjon, stat og språk byggjer på framhevinga av eitt språk og undertrykkinga av andre.

SUZANNE ROMAINE,  
«Language Contact in Relation to Multilingualism,  
Norm, Status and Standardization», 1997

# SPRÅKLEG MANGFALD

Språkleg mangfald utgjer ein ressurs for språklæring, språkleg refleksjon og kognitiv utvikling, og har positiv overføringsverdi for kulturell forståing, demokratisk deltaking og fredeleg sameksistens. Samstundes peikar forskinga på ulempene: Tospråklege vil normalt ha seinare progresjon når det gjeld tileigning av dugleikar i einskildspråk. Likeins kan tospråklege ha problem med å verta inkluderte og hevda seg i samfunn der eit anna språk enn eins eige er dominerande.

ENDRE BRUNSTAD og ANN-KRISTIN HELLAND GUJORD, *Rom for språk. Nye innsikter i språkleg mangfald*, 2014



Eit svært vanleg trekk ved fleispråkleg kommunikasjon er at fleire ulike varietetar blir brukte innafor ein og same samtale eller i vekslinga mellom samtalar. Dette kallar vi kodeveksling.

UNN RØYNELAND, *Språkmote. Innføring i sosiolingvistikk*, 2003

Møtet med andre språk og kulturar gjer det lettare å sjå oss sjølve utafra slik at vi kan utvikle språkinnsett og språkkulturell refleksjon.

HELGE SANDØY mfl., *Den fleispråklege utfordringa*, 2004

– I Afrika har dei fleste land mange skriftspråk. Språka er ofte særsluke. De nordmenn forstår jo kvarandre, og alle greier å lese både nynorsk og bokmål. Kan det verkeleg vere eit problem?

ARYAM MESFUN, *Det fleispråklege Noreg*, 2013





# INTEGRERING



– De fleste unge søker et fellesskap. Dersom en ikke føler seg som en del av samfunnet, og er dårlig integrert, da er man sårbar.

CHOAS AHMUD,  
«Følte seg som en byrde i det norske samfunnet»,  
NRK.no, 11.2.2016

Særleg problematisk er det at den største gruppa av dei som søker statsborgarskap i Noreg, kvinner som har flykta frå konfliktområde, ofte manglar skulegang, fordi dei kjem frå land der utdanningssystemet har brote saman. Dermed har dei dårlege føresetnader for å klara mange av dei språkkrava som språktestane inneber. I så måte vil kopling mellom språktestar og statsborgarskap meir vera med på å fremja segregering enn integrering.

ENDRE BRUNSTAD OG ANN-KRISTIN HELLAND GUFJORD, *Rom for språk. Nye innsikter i språkleg mangfald*, 2014



Språk er nøkkelen til alt. Men språk åpner ikke alle dører.  
Mange snakker norsk, uten å føle seg integrert.

DORA PONT LORO, Vårt Land, 15.4.2016



FOTO Paul S. Amundsen

Dora Pont Loro kom til Norge som flyktning, og er kara til rollemodell for innvandrere i Norge.





Eg opplever til tider ei form for identitetskrise, der eg ikkje meistrar norsk hundre prosent, i og med at eg lærte språket i vaksen alder. Samstundes føler eg at eg mistar litt fotfeste i det italienske. Kvar gong eg reiser til Italia, så treng eg tid for å få tilbake denne flyten, både i det munnlege språket, men også i tankegangen. Her og no føler eg meg midt mellom barken og veden.

MARIACHARA PAGLIARDI, Italia. Busett i Noreg sidan 2005





FOTO Svein Olav Humberst

To-tre månader seinare gjekk eg på biblioteket og var med i eit program her i Volda i regi av Frivilligsentralen som heiter «lån ein volding», kvar laurdag. Så eg gjekk på biblioteket og fekk snakke med ein nordmann i ein til to timar. Det braut isen for meg. Å få snakke med ein nordmann.

BASEL GHAIJAR, Syria. Arabisk. Busett i Noreg sidan 2014






FOTO Svein Olav Humberget

Morsmålet mitt er langt unna.  
Men ikkje alltid – det finst inni meg.  
Og det blir stadig viktigare å oppsøkje  
situasjonar der eg kan bruke språket,  
for eg vil ikkje miste den delen av  
meg som er meg.

ANDERS NILSEN, Canada. Engelsk. Busett i Noreg sidan 2006





I Eritrea brukar vi metaforar når vi snakkar. Om ein ikkje vil snakke direkte, brukar vi dette. Det er slik i det norske samfunnet også, men dette er vanskeleg for ein innvandrar. Ein skjønar ikkje kva folk meiner slik ein gjer heime.

Mesfen-Maryo Egolino, Eritrea. Tigrinja. Busett i Noreg sidan 2014







# Språk på vandring

Dei som har snakka indoeuropeiske språk, har skrive vakre dikt, gjort store oppfunningar og framsteg, og har tenkt ut djuptenkt filosofi – men dei har også drive med undertrykking, folkemord og kolonialisme. Dei har på ulike måtar spreidd språka sine over heile den kjende verda.

OLA WIKANDER, *Ett träd med vida grenar. De indoeuropeiska språkens historia*, 2007

Heile det amerikanske kontinentet har på fem hundre år fått ei stor befolkning som nesten berre har eitt av tre europeiske språk som morsmål: portugisisk, spansk eller engelsk. Språkleg sett er dette ei einestående hending i verdshistoria. Føresetnaden var at menneske med ny teknologi kunne ta over ein stor del av jorda frå folk som mangla denne teknologien.

TORRE JANSSON, *Språken og historien*, 1997

Kontakten med dei amerikanske innfødde og språka deira førte mange nye ord og omgrep inn i det spanske ordtilfanget til europearane. Mange av desse orda tok dei med attende til halvøya, og vart slik ein del av det kvar-dagslege ordtilfanget der.

RALPHE PENNY, *Encyclopedia of the Languages of Europe*, 1998

I sosiale samanhengar i Aust-Afrika er det engelske språket eit teikn på utdanning og autoritet. Brukar du swahili eller eit lokalt språk, symboliserer det solidaritet eller lokal etnisitet.

ROBERT PHILLIPSON, *Linguistic Imperialism*, 1992

I dei tre afrikanske landa (Guinea-Bissau, Angola og Mosambik) har portugisisk aldri blitt morsmål for meir enn nokre få prosent av befolkninga. Den store majoriteten snakkar framleis dei språka som fanst då portugisarane kom. Det var ikkje grunnlag for den store befolknings-eksplasjonen som fann stad i Amerika, og dermed oppstod det heller ikkje ei ny stor befolkning med eit nytt språk.

TORRE JANSSON, *Språken og historien*, 1997

Spanske erobrere medkjempar urbefolkninga i Tlaxcala.  
FOTO: Lienzo de Tlaxcala, utskrift av Mexicantek kunstverk frå 1552

metztlan.





# Dei norske husa

Det var ikkje så vanskeleg å forstå at dei tok imot kvar nykomen nordmann med glede. Dei budde i eit framandt land, og enno var det ikkje så mange av nordmennene som kunne språket såpass godt at dei var i stand til å blande seg sorglaust med dei andre.

EDVARD HOBX, *Byar ditå på fremtitt*, 2015

Det var eit stort press for å tilpasse seg språket og kulturen.

Arven frå den gamle verda og dei amerikanske omgivnadene kolliderte, vov seg saman og spelte på lag slik at endringa var uunngåeleg.

MARIYS HONRUD LARSEN, *Language Contact across the North Atlantic*, 1996

Det er mor i huset som avgjer kor lenge norsk språk skal leva i Amerika, og med språket vil ho opne døra for barna inn til heile den store åndsarven dei har odelstrett til.

GUDRUN HOVDE GVALB, *O. E. Reivang: Nordmann og amerikaner*, 1962

**Immigranten, uansett nasjonalitet, har ikkje anna val enn å bli del av ein klan, med mindre han vil assosiere seg med dei som ser ned på han.**

HIALMAR HJØRTH BOYERSEN

Folkeflyttingar og landevinningar brukar å vise att i dialektgeografien. Tydeligaste eksempelet på det i Norge er Bardu og Målselv i Troms, som blei busett mest frå Østerdalen på slutten av 1700-talet. Ennå er målet der merkt av det.

HELGJ SANDØY, *Norsk dialektkunnskap*, 1987


Retninga i utviklinga har vore den same alltid; det er nordnorsk som har vunne på austnorsken. Måla i indre Troms har heile tida tatt til seg drag frå dei nordnorske Troms-måla omkring, ikkje omvendt.

ERNST HAKON JARVI, *Nybyggere i nord*, 1988



Utvandrere frå Norge til Amerika på dekk på skipet Sjøhelleg i januar 1904. Foto: Anders Beer Wilse/Norsk Folkemuseum





- █ Kristoffer Columbus, 1492
- █ Pedro Álvares Cabral, 1500
- █ Utbreinga av den germanske språkgreina

Det finst to konkurrerande hypotesar om opphavet til den indoeuropeiske språkfamilien. Det tradisjonelle synet er at han spreidde seg frå dei pontiske stjøppene for om lag 6000 år sidan. Ein alternativ hypotese hevdar at språka spreidde seg frå Anatolia saman med utbreinga av jordbruket for 8000 til 9500 år sidan.

Dei store språkvandringane i moderne tid kom frå vest, innleia av menn på leiting etter nye reiseruter til Kina og India.

Magasinet Science, 24. august 2012

VICTOR STEVENSON, *World. An illustrated history of western languages*, 1983